



Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

5936 Manger 15.08.2016

NYE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV KULTURMIDLAR – HØYRING

Radøy idrettsråd handsama saka på styremøte 15.08.2016 og gav fyljande uttale:

Sak 4: Radøy kommune: Nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar – Høyring

Radøy kommune har utarbeidd framlegg til nye retningslinjer for tildeling av kulturmidlar, med høyringsfrist 15.08.2016.

Radøy idrettsråd har gått gjennom framlegget og har fylgjande merknad:

Punkt 3, a) Søknadsfrist for driftsmidlar er sett til 15.mars og her er det krav om revidert rekneskap og vedtatt årsmelding frå føregåande år. Norges Idrettsforbund vedtok på Idrettstinget i juni 2015 mellom anna at rapporterings- og søknadsfristar for idrettslaga skulle samlast. Frist for avvikling av årsmøte i idrettslaga vart sett til 31.mars, og fristen for rapportering av medlemsopplysningar (idrettsregistreringa) vart sett til 30.april.

Med utgangspunkt i dette vil Radøy idrettsråd gjera framlegg om at fristen for søknad om driftsmidlar til Radøy kommune vert sett til 30.april.

Vyrdsamt

For Radøy idrettsråd

Olav Steinar Namtvedt
skrivar